

Saksbehandlar: Ingvild Andersen, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 19/4278-2

Tilskot - nærings- og samfunnsutvikling 2019 - Prosjekt: Søknad om finansiering av Framtidsfylket t.o.m 2021

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesdirektøren konstaterer at Framtidsfylket utfører viktige oppgåver for Sogn og Fjordane, og legg til grunn at fylkeskommunen framleis kan vere med å delfinansiere karrieremesser og ulike prosjekt.
2. Fylkesdirektøren vonar at Framtidsfylket kan ha ei rolle i nye Vestland fylke.
3. Sektoren næring og kultur kan ikkje finansiere driftsstøtte for åra 2020 og 2021, slik det vert søkt om. Dette fordi sektoren ikkje disponerer den typen midlar som kan nyttast som driftsstøtte for dei komande åra. Søknaden vert derfor synt vidare til arbeidet med budsjett 2020.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Framtidsfylket AS søkjer om 2,1 mill. kr. i driftsstøtte for åra 2020 og 2021.

Fylkeskommunen har tidlegare støtta ulike tiltak i regi av Framtidsfylket:

Fylkeskommunen har tidlegare støtta karrieremessene slik:

2019: Karrieremesser Oslo, Bergen og Trondheim:	Kr. 250 000
2018: Karrieremesser Bergen og Trondheim:	Kr. 200 000
2017: Karrieremesser Bergen, Oslo og Trondheim:	Kr. 200 000
2016: Karrieremesser Bergen, Oslo og Trondheim:	Kr. 200 000
2015: Karrieremesser Bergen, Oslo og Trondheim:	Kr. 200 000
2014: Karrieremesser Bergen, Oslo og Trondheim:	Kr. 225 000
2014: Workshop knytt til karrieremessa i Bergen:	Kr. 17 350
2013: Karrieremesser Bergen og Oslo:	Kr. 215 000
2013: Karrieremesse Sogndal:	Kr. 65 000
2012: Karrieremesser Bergen og Trondheim:	Kr. 115 000
2012: Karrieremesse Sogndal:	Kr. 65 000
2011: Karrieremesser Bergen, Oslo og Trondheim:	Kr. 150 000
2011: Karrieremesser Sogndal:	Kr. 75 000
2010: Karrieremesser Bergen, Oslo og Trondheim:	<u>Kr. 125 000</u>
	SUM
	Kr. 2 102 350

Fylkeskommunen har tidlegare støtta eit digitalt magasin slik:

2017: Et grønt digitalt magasin:	Kr. 100 000
2016: Digitalt magasin «#Utanfilter»:	Kr. 150 000
2015: Digitalt magasin «#Utanfilter»:	<u>Kr. 150 000</u>

SUM Kr. 400 000

Fylkeskommunen har tidlegare støtta eit omdømmeprojekt slik:

2017: Omdømmeprojekt for Sogn og Fjordane:

SUM Kr. 300 000

SUM Kr. 300 000

Fylkeskommunen har tidlegare støtta nettstaden slik:

2015: Digitalt kartbasert verktøy «Bu i Sogn og Fjordane»:

Kr. 525 000

2014: Oppgradere nettsida til 2014-nivå:

Kr. 150 000

SUM Kr. 675 000

Totalt tildelt beløp til Framtidsfylket sidan 2010 er dermed: Kr. 3 477 350.

Framtidsfylket har i 2019 fått innvilga kr. 850 000 til eit kreativt rekrutteringskonsept for å styrke Merkevara Framtidsfylket. Prosjektet er ikkje er starta opp endå. Prosjektet er ein fortsetjing av omdømmeprojektet som vart starta opp, og som fekk støtte i 2017.

I tillegg har Driftig.no, fylkeskommunen sin informasjonskanal for dei som ønskjer å starte eller vidareutvikle bedrift, bidrege med midlar og arbeidsinnsats for å gjennomføre Gründertorg på karrieremessene i 2017, 2018 og 2019.

2. Nærare omtale

Framtidsfylket er eigd av- og jobbar for næringslivet i Sogn og Fjordane. Deira oppgåve er å vise fram arbeidsplassane fylket har å by på og vere ein felles rekruttering- og kommunikasjonsplattform. Tre pilarar utgjer deira tenestetilbod: traineeprogram, karrieremesser og ein kommunikasjonsplattform der bedrifter og jobbsøkjjarar kan finne kvarandre. Dette er aktivitetar dei har halde på med i ei årrekke og det har gitt resultat. Auka tal bedrifter er registrert i portalen, og den auka bedriftsinteressa synast også att på eigarsida, traineeprogrammet har vorte eit av dei største regionale traineeprogramma i landet og karrieremessene veks. Ein stor del av søknadene til traineeprogrammet kjem frå søkjarar som ikkje har vakse opp i Sogn og Fjordane. Dei seinare åra har Framtidsfylket utvida kommunikasjonsaktiviteten og satsa enda meir på å byggje omdømme gjennom strategisk kommunikasjon. Eit døme er det digitale magasinet #Utanfilter, som syner suksesshistorier frå heile fylket.

Framtidsfylket har i dag ein driftsmodell som er basert på noko offentleg støtte. Dei ser det som uheldig å leggje om driftsmodellen før dei veit om dei er ein del av Vestland fylke si løysing når det gjeld kompetanse og rekruttering.

Framtidsfylket er no inne i ein prosess med å kartleggje behov og interesse for sine produkt/tenester i heile Vestland. Rapportar om rekruttering- og kompetansebehov i kombinasjon med interesse og behov hos regionane i Hordaland og Sogn og Fjordane blir lagt til grunn for ein framtidig forretningsmodell for Framtidsfylket. Målet er å leggje fram forslag til ny modell for Vestland fylke for eigarane til hausen 2019. Til å hjelpe administrasjonen og styret i arbeidet har Framtidsfylket innhenta bistand frå PwC.

I Hordaland eksisterer to traineeprogram. Eitt er drive av Bergen Næringsråd og eitt er drive av Næringshagen i Odda (Indre Hordaland). Framtidsfylket har til no opplevd interesse for sine verktøy og etablert god dialog med næringsliv i Nordhordland, Indre Hardanger og Bergen Næringsråd. Målet er å halde fram dette arbeidet også i resten av Hordaland i prosessen fram til hausten. Partane bak dei ulike traineordningane ser at det kan vere potensiale for synergieffektar innan fleire område. T.d. innan administrasjon, teknologi, marknadsføring, merkevarebygging, programoppbygging og gjennomføring. Partane vil no gå inn i ein fase der dei ser på moglegheita for å profesjonalisere eit samarbeid og utforme ein berekraftig modell som høver dei enkelte ordningane og arbeidslivet.

Det føreligg ei signert og gjensidig uttale mellom Framtidsfylket og Trainee Indre Hordaland om å etablere eit forprosjekt der målet er ei intensjonsavtale om korleis ein skal samarbeide. Forprosjektet er forankra i begge styra.

Ei oppsummering:

Framtidsfylket AS står føre ei usikker tid fram til Vestland fylkeskommune har oppgåveløysinga si klar. Mest truleg vil ikkje alle verktøy og løysingar vere klare innan fylkessamanslåinga. For å sikre seg kontinuitet i arbeidet søkjer derfor Framtidsfylket om støtte til sine kjerneaktivitetar for dei komande to åra (2020 og 2021).

Målet er å kunne oppretthalde Framtidsfylket sin aktivitet til dei har fått avgjort sin rolle og sitt mandat i Vestland fylke.

Resultat dei forventar i søknadsperioden:

- 60 trainee-ar i ny jobb i Sogn og Fjordane
- 300 bedrifter i bedriftsportalen
- 3000 cv'ar i bedriftsportalen i løpet av 2021

Effekten dei håpar å oppnå er auka tilflytting og tilgang på rett kompetanse.

Kostnadsplan

Tittel	2020	2021	SUM
Karrieremesser	2 000 000	2 000 000	4 000 000
Omdømme/merkevare	750 000	750 000	1 500 000
Portal	700 000	700 000	1 400 000
Traineeprogram	2 200 000	2 200 000	4 400 000
Sum kostnad	5 650 000	5 650 000	11 300 000

Finansieringsplan

Tittel	2020	2021	SUM
Næringsliv	4 110 000	4 110 000	8 220 000
Regionråda	240 000	240 000	480 000
Stiftinga Rekomp	500 000		500 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	800 000	1 300 000	2 100 000
Sum finansiering	5 650 000	5 650 000	11 300 000

3. Vurderingar og konsekvensar

Framtidsfylket sin aktivitet har over fleire år gjeve gode resultat med tanke på rekruttering og kompetanse til fylket. Dei er gode på å syne fram moglegheitene i Sogn og Fjordane og har klart å gjere målgruppa merksame på desse moglegheitene over tid. Framtidsfylket har gode føresetnader for å halde fram det gode arbeidet med synleggjering og rekruttering til Sogn og Fjordane. Dette er kanskje spesielt aktuelt i ei overgangsperiode til Vestland fylke.

Framtidsfylket er finansiert inn i 2020 med 500 000 kr i Rekomp-midlar, jf. finansieringsplan. Dette er restmidlar frå ei tidlegare kompensasjonsordning for høg arbeidsgjevaravgift. Fylkeskommunen har ikkje ytt driftsmidlar til Framtidsfylket, men har ytt midlar til messer og ulike prosjekt.

Utan ei driftsstøtte står aktivitetane til Framtidsfylket i fare for å stoppe opp eller i alle fall bli sterkt redusert i ei overgangsperiode. Dette vil vere uheldig for satsinga på synleggjering av arbeidsmoglegheitene og næringslivet i Sogn og Fjordane. Det kan også svekke Framtidsfylket sin posisjon i drøftingar om vidare drift i samarbeid med Vestland fylkeskommune.

Det er viktig no at aktørane i Sogn og Fjordane og Hordaland kan samarbeide om ein god modell i Vestland. Framtidsfylket viser god vilje til å gå i dialog med aktørar i Hordaland og har teke initiativ til ein prosess for å jobbe strategisk framover.

Vi reknar med å få ein søknad frå Framtidsfylket hausten 2019 om støtte til å arrangere karrieremesser i 2020. Dette er ein søknad som vi vil sjå positivt på.

Ei meir langsiktig finansiering av Framtidsfylket er ønskjeleg, men utfordrande å få til. Midlane på sektoren næring og kultur kan ikkje nyttast til driftsstøtte for 2020 og 2021. Viss ein skal kome denne søknaden i møte må ein truleg handtere det utanom sektoren.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren konstaterer at Framtidsfylket utfører viktige oppgåver for Sogn og Fjordane, og legg til grunn at fylkeskommunen framleis kan vere med å delfinansiere karrieremesser og ulike prosjekt. Og fylkesdirektøren vonar at Framtidsfylket kan ha ei rolle i nye Vestland fylke. Sektoren næring og kultur kan likevel ikkje finansiere driftsstøtte for åra 2020 og 2021, slik det vert søkt om. Dette fordi sektoren pr no ikkje disponerer den typen midlar som kan nyttast som driftsstøtte for dei komande åra. Søknaden vert derfor synt vidare til arbeidet med budsjett 2020.